



Generalsponsor:



Hovudsponsor:



Årsmøte 2012



Onsdag 1. februar, Firda vidaregåande skule



NM for janitsjarkorps, 7.-10. april, Trondheim.
(Foto: Bjørn Skagen)



Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
 - Namneoppop
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Val av møteleiar
 - Val av møtesekretær
 - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2011
4. Rekneskap 2011 med revisjonsmelding
5. Innkomne saker
 - Framlegg til vedtektsendringar (Frå styret)
6. Arbeidsplan 2012
7. Kontingent
8. Budsjett 2012
9. Val
10. Avslutning



Siste del av året som gjekk handla mykje om året som skulle kome - og skotårsgalla 2012. Her frå fotoshooten til Nordic Tenors og janitsjaren i desember, med Britt Mølmann, Heidi Fure Klausen og Vigdis Henden.

Innhold

Årsmelding	5
Kontingent	10
Rekneskap	11
Årsmøtesaker	14
Arbeidsplan	16
Budsjett	11
Val	10
Vedlegg:	
Repertoar 2011	17
Gjeldande vedtekter	18
Referat frå årsmøtet 2011	20

Årsmelding

Årsmøtet 2011

Årsmøtet 2011 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 11. februar. Det møtte 32 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

Styret

Leiar:	Bernt Reed	<i>attval</i>
Nestleiar:	Gunnar Eide	<i>ikkje på val</i>
Kasserar:	Reidun Kjørvik Førde	<i>ikkje på val</i>
Sekretær:	Geir Skagen	<i>attval</i>
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	<i>ikkje på val</i>
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	<i>attval</i>
2. vara.:	Arvid Jordanger	<i>ny</i>

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar
 Bjørn Inge Solheim
 Torgrim Halse
 Dirigent

Sosialkomité

Didrik Eide
 Heidi Fure Klausen
 Elin Nikoline Vie

Valnemnd 2012

Ingrid Sundal Søreide
 Eivind Kjørvik
 Eva Fitje Holme

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen



Storøving på Firda vgs før marsjering ned til og
opning av stemnet på Heradspllassen under
songarstemnet på Sandane 4. juni.

(Foto: Bernt Reed)



Litt vindfullt men elles ein konsert i store omgjevnadar då vi saman med Hyen skulekorps heldt grendekonsert ved fjorden i Hyen.



Folketoget på Rygg har i mange år vore fast siste post på føremiddags-programmet 17. mai.

Årsmelding

Aktivitetar i 2011

9. februar	Årsmøte
2. april	Speling på Turnbasar STIL, Sandane
7.-10. april	NM i janitsjar, Trondheim. 4. divisjon.
19. april	Påskebasar i Breim
1. mai	Oppmarsj Breimstafett
5. mai	Speling i gatene under langope
17. mai	Speling på Sandane, Breim og Rygg
4. juni	Speling på Songarstemne
4. juni	Grendekonsert i Hyen
4. juni	Sosial samling i Karavadet
12. august	Speling og oppmarsj ved opning av NM i friidrett, Byrkjelo
14. august	Speling ved avslutninga av NM i friidrett, Byrkjelo
10.-11. september	Øvingshelg i Florø
6. november	Speling på Breim skulekorps sin basar
13. november	Speling på Sandane skulekorps sin basar
27. november	Førjulstreff i Aulaen
18. desember	Julekonsert i Breim kyrkje
19. desember	Julekonsert i Vereide kyrkje
24. desember	Musikantar frå korps spelar på ulike julearrangement

Interne markeringar

70 års-jubilant Gudmar Eikenes 14. juni vart markert ved speling i jubilanten sin hage på dagen
 60 års-jubilant Olav R. Myklebust 1. februar vart markert på første øving
 50 års-jubilant Margunn A. Evebø 7. juli vart markert ved speling i selskapet noko seinare i juli

Styret sitt arbeid

Styret har hatt fire møte i perioden og handsama 35 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval. Det har vore vanleg for styret, når det hastar, å samlast i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker. Det har vore eitt medlemsmøte i perioden.



Bål og sommarkveld ved Karavadet 4. juni.



*Ein «kvakk» - eller
rettare ei andefløyte - er
det einaste korpssetet har
kjøpt av nye instrument i
2011.*

Årsmelding

Av saker som har vore oppe kan nemnast:

- Stabilitet i oppmøte, ro og orden på øvingar
- Rekruttering
- NM i janitsjar 2011
- Sponsorarbeid
- Skotårsgalla 2012 og supplering av korpsset i samband med den.

Året slik det gjekk

Våren vart prega av oppkøyring til og spelning under NM i Trondheim først i april. Vi stilte med musikk fra Flåklypa og to stykker av Percy Grainger, mellom dei Irish Tune From County Derry. Janisjaren hadde igjen kvalifisert seg til fjerdedivisjon, og nådde sjuande plass og 91 poeng. Dermed held vi stand trass i at stadig fleire korps deltek på arrangementet. I 2007 vart det også sjuande med 87 poeng, i 2009 vart det sjette, då også med 91 poeng. Turen var bra både sosialt og musikalsk, og korpset leverte det beste vi kunne. Ein av dommarane skreiv om framføringa «først og fremst ei glede å lytte til....».

Våren elles var prega av dei faste arrangementa, påskebasar i Breim, Breimstafetten og 17. mai. I tillegg vart det ei runde i Sandane sentrum i samband med langope tidleg i mai, medan turen til skulekorpsbasaren i Hyen dette året vart avlyst grunna stor rasfare.

Sesongen vart avslutta med ein «superlaurdag» først i juni, med marsjering gjennom Sandane sentrum med 400 songarar på korstemne, deretter ein grendekonsert ved fjorden i Hyen, før dagen vart avslutta med ei hyggeleg sosial samling i Karavadet.

Oppstarten på hausten vart prega av NM i friidrett der vi spelte både ved opninga og avslutninga. Etter vårsesongen sluttar mange yngre medlemmer, men dei første vekene etter oppstarten såg lovande ut med fleire nye musikantar innom. Dessverre var det få av dei som heldt lenge, men nokre var det. Først i september var t det ei nyttig og fyldig øvingshelg i Florø, som ein god start på sesongen, som først og fremst skal lede fram til Skotårsgallaen i 2012.

November og desember vart hektisk, med skulekorpsbasarspeling både i Breim og på Sandane før vårt eige førjulstreff og hovudlotteri, som i år bar sær godt av seg. Sesongen vart som vanleg avslutta med julekonsertar i Breim kyrkje og Vereide kyrkje.



Klare for NM-innsats i «Lille sal» i Olavshallen i Trondheim. Det vart 7. plass i 4. divisjon, og vi held dermed oppe standarden frå 2007 og 2009.

(Foto: Bjørn Skagen)



Ei øvingshelg i Florø som start på hausten gjer seg både musikalsk og sosialt.



Mange på plass då vi avslutta ein lang juni-laurdag med samling i Karavadet ved Gloppe-elva.



Vel overstått NM-gjennomføring fredag ettermiddag. Berre fotografering står att, og så er det NM-fest for alvor.

Årsmelding

Etter mange års samarbeid har Lerum no avslutta sitt sponsorsamarbeid med oss. Sparebanken Sogn og Fjordane har fornøya avtalen som hovedsponsor for tre år, til og med 2014, medan Sogn og Fjordane Energi er ny generalsponsor med avtale for to år til og med 2013.

Gjennom Norsk Tipping sitt «Grasrotfond» fekk Gloppen janitsjar gjennom året inn 6272 kroner. Ved årsslutt hadde korpset 41 registrerte «medspelarar».

Instrument

Korpset kjøpte i 2011 inn ei andefløyte.

www.gloppenjanitsjar.net

Nettsida til janitsjaren er godt brukt og held korpset sine medlemmer og andre informasjon om aktivitetar og arrangement. I 2011 kjøpte vi domenet gloppenjanitsjar.no og vil ta det i bruk i 2012. Domenet gloppenjanitsjar.net vil då verte avvikla. Korpset har også teke i bruk sosiale medier for å marknadsføre seg sjølv og arrangement vi set i gang.

Representasjon i perioden

Cecilie Aalberg har vore styremedlem i NMF Nordvest inntil regjontinget i mai. Bernt Reed sit som leiar i valnemnda til regjontinget 2011 til tingsetet i mai. Korpset takkar for innsatsen.

Gunnar Eide og Geir Skagen representerte korpset på regjontinget i Loen i mars. Ole Henrik Mølmann representerte korpset på ekstraordinært regjonting på Nordfjordeid i mai.

Medlemmar

Ved utgangen av 2011 har korpset 34 medlemmer innmeldt i NMF. Det er ni færre enn ved utgangen av 2010 og det same som ved utgangen av 2009.

Fløyte

Benedikte Vederhus

Klarinett

Britt Rønneklev Mølmann, Elin Nikoline Vie, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad

Bassklarinett

Gudmar Eikenes

Saksofon

Didrik Eide, Espen Hjelmeland, Henrik Y. Runshaug, Ingvild Førde, Margunn A.



Møte mellom viktige aktørar i 17. mai-toget i Breim. Hesten går først, janitsjaren sist i toget.

Sak 3



Ein skal bruke tida effektiv når ein både er avgangselev frå vidaregåande og korpsmusikar i dagane rundt 17. mai.

(Foto: Heidi Fure Klausen)

Årsmelding

Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Roger Andreas Holme

Trompet / kornett

Arvid Jordanger, Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik

Horn

Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Silje Engeland, Vigdis Henden

Trombone

Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide

Baryton

Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

Tuba

Bernt Reed, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann

Slagverk

Torgrim Halse

Dirigent

John Rune Ødven

Desse byrja i 2011:

Benedikte Vederhus, Kjetil Andreas Nydal

Desse slutta i 2011:

Are Frode Søholt, Audhild Bogstad, Iselin Heggheim, Norhild Holme, Synne Marte Parvati Myklebust, Solveig Tørudstad, Marita Elise Holme, Cecilie Aalberg, Jakob Hjelmeset, Thomas Røgeberg, Kjetil Andreas Nydal, Eivind Kjørvik

Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar hovudsponsorane Lerum og Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte.

Korpset takkar også i år vår viktige støttekomite som brukar tysdagskveldar og ledig tid og legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julelotteriet og Påskebasaren.

Takk også til dirigent John-Rune Ødven for tolmodig arbeid gjennom året.

Sandane 24. januar 2012

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Gunnar Eide, Reidun Kjørvik Førde, Hanne Lyngstad, Ole Henrik Mølmann, Arvid Jordanger



Marsjering mot Sandane sentrum med songarstemne-kor både framom og bak.

(Foto: Martha Sundal Engeland)



Klasseromspeling på Flora ungdomsskule første øvingsdagen i Florø .



«Ut på tur, aldri sur», eller «ein har ikkje meir moro enn ein lagar sjølv». Fritt val frå baksetet i bussen heim frå NM.

(Foto: Heidi Fure Klausen)



Vinnar av quiz skal kårast, og det skjer ikkje utan omfattande protestar og forhandlingar. Tradisjonen tru.

Kontingent

Kontingenoten i Gloppen Janitsjar vart i 2009 auka til 500,- kroner for vaksne og 250,- for skulelevar. Styret ser ingen grunn til å auke kontingenoten.

Framlegg til vedtak: Kontingenoten i Gloppen Janitsjar er kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skulelevar.

Val

Valnemnda si innstilling

Styret

Leiar:	Bernt Reed	
Nestleiar:	Vigdis Henden	Ny
Kasserar:	Margunn A. Evebø	Ny
Sekretær:	Geir Skagen	
Styremedlem ¹ :	Hanne Lyngstad	Attval
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.:	Arvid Jordanger	Attval

Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval
Olav R. Myklebust	Ny
Dirigent	

Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Vie	Attval

Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen	Attval
-----------------------------------	--------

Styret si innstilling

Valnemnd 2012

Eivind Kjørvik	Attval
Eva Fitje Holme	Attval
Gunnar Eide	Ny



Oppvarming i rognebløming.

1) Til vervet som styremedlem
ligg det å vere materialforvaltar.



Fleire generasjonar med årar har vore med å tent inn mange kroner i janitsjaren sitt økonomi-arbeid.

Rekneskap og budsjett

	Inntekter	Budsjett 2011	Rekneskap 2010	Budsjett 2012
3011	Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 26 000,00	kr 25 572,00	kr 26 000,00
3040	Offentleg speling	kr 2 000,00	kr 4 000,00	kr 5 000,00
3070	Julebasar	kr 48 000,00	kr 49 476,50	kr 48 000,00
3080	Påskebasar	kr 40 000,00	kr 37 118,50	kr 40 000,00
3090	Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00
3100	17.mai speling / buss	kr 15 000,00	kr 15 782,00	kr 15 000,00
3110	Gåver	kr 11 000,00	kr 6 248,00	kr 7 000,00
3120	NMF VO-midlar	kr 12 000,00	kr 3 066,00	kr 8 000,00
3130	Norsk Tipping	kr 6 000,00	kr 6 043,35	kr 6 000,00
3140	Sponsor	kr 25 000,00	kr 10 000,00	kr 35 000,00
3150	Kulturmidlar	kr 9 000,00	kr *	kr 10 000,00
3160	Skotårsgalla 2012	kr *	kr *	kr 130 000,00
3170	MVA komp. 2010	kr 8 000,00	kr 12 477,00	kr 10 000,00
3190	Eigenandel øvingshelg Florø	kr *	kr 33 470,00	kr 30 000,00
3200	Nordvestmeisterskapen 2010	kr 80 000,00	kr 82 933,36	kr *
3210	NM Janitsjar 2011	kr 75 000,00	kr 74 262,00	kr *
3220	Haustkonsert 2011	kr 20 000,00	kr *	kr 10 000,00
8040	Renteinntekter	kr 300	kr 494	kr 200
8100	Bruk av eigenkapital	kr *	kr *	kr *
SUM INNTEKTER		kr 427 300,00	kr 410 942,71	kr 430 200,00

Rekneskap og budsjett

	Utgifter	Budsjett 2011	Rekneskap 2011	Budsjett 2012
4010	Instrument	kr 35 000,00	kr 12 250,25	kr 43 000,00
4020	Notar	kr 20 000,00	kr 6 542,38	kr 21 000,00
4030	Uniform	kr 10 000,00	kr 2 065,00	kr 5 000,00
5850	Gåver / Blomar	kr 5 000,00	kr 3 008,00	kr 5 000,00
6210	Husleige	kr 8 000,00	kr 8 400,00	kr 10 000,00
6240	Instruksjon	kr 95 000,00	kr 92 340,00	kr 95 000,00
6650	Øvingshelgar	kr 10 000,00	kr 33 850,00	kr 35 000,00
6710	Administrasjon	kr 3 000,00	kr 5 487,75	kr 5 000,00
6730	Påskebasar	kr 20 000,00	kr 16 681,18	kr 20 000,00
6740	Julebasar	kr 40 000,00	kr 30 025,58	kr 30 000,00
6770	17.mai buss	kr 12 000,00	kr 15 968,00	kr 15 000,00
7030	Nordvestmesterskapen 2011	kr 10 000,00	kr * *	kr *
7040	Korpstur NM 2011	kr 130 000,00	kr 120 958,00	kr 20 000,00
7050	Musikkleir	kr 10 000,00	kr 9 000,00	kr 10 000,00
7160	Skotårgalla 2012	kr *	kr *	kr 100 000,00
7410	NMF Kontingent	kr 11 600,00	kr 11 625,00	kr 10 000,00
7510	Forsikring	kr 5 400,00	kr 5 812,00	kr 6 000,00
7720	Årsmøte / leiarsamling NMF	kr 2 000,00	kr *	kr *
7790	Diverse	kr *	kr *	kr *
8190	Finanskostnader	kr 300	kr 203,5	kr 200
SUM UTGIFTER		kr 427 300,00	kr 374 216,64	kr 430 200,00



Det går fort når janitsjaren er i siget under førjulstreffet.



Fin stemning rundt borda under førjulstreffet i aulaen.

Rekneskap og budsjett

ÅRSAVSLUTNING 2011

Inntekter	Utgifter	Overskot
kr 410 942,71	kr 374 216,64	kr 36 726,07

Bank 01.01.2011	kr 98 040,32
Overskot 2011	kr 36 726,07
Bank 31.12.2011	kr 134 766,39

Gloppen Janitsjar, Sandane 23.01.2012, Reidun Kjørvik Førde, kasserar

Nokre rekneskapstal	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar	38 374,38	16 681,18	20 437,32
Julebasar inkl. hovudlotteri	99 476,50	30 025,58	69 450,92
NM Janitsjar 2011	74 262,00	120 958,00	-46 696,00

Kommentarar til tala:

- Overskotet frå Nordvestmesterskapet 2010 blei sett inn på kontoen i 2011, dette gjer at vi får eit bra økonomisk resultat i 2011. Korpset investerte ein god del av dette overskotet (om lag 65 000 kroner) på medlemmane, i samband med deltagting på NM for janitsjar i 2011.
- Når det gjeld NM 2011, så har vi ikkje fått rekning på bussleige, dette (kr 20 000,-) er lagt inn i budsjett 2012.
- Kulturmidlar 2011 kr 10 000,- vart ikkje utbetalt før januar 2012, og er lagt inn i budsjettet for 2012.
- VO-midlar 1.halvår 2011 kr 2 720,- vart ikkje utbetalt før januar 2012, og er lagt inn i budsjett for 2012.



Frå kulekasse til iPhone-«app». Kanskje den største fornyinga på julebasaren på mange år var at trekking av vinst-tal gjekk digitalt.

REVISJONSmelding

Rekneskapen er revidert 26. januar 2012. Revisorane har følgjande merknadar:

Bilag 54 og 76 bør førast på kto. 4010. Utgifter til instrument (4010) vert redusert med kr. 3480,- til kr. 12 250,25. Kt. 3010 vert redusert til kr. 25 572,-

Bilag nr. 70 og 73 bør nullast ut slik at kto. 6730 og 3080 vert redusert med kr. 1 255,88

Sandane, 27. januar 2012, Heidi Fure Klausen (sign), Didrik Eide (sign)



Sjarm og entusiasme var trikset i «Godis»-diskon.



Viktig med god kontroll på «bakrommet» når årar, pengar og nye trekningar skal gjerast klart...



Klart for øving på hotellet i Trondheim. Nedtelling til konserten litt seinare på dag er alt i gang.



Når vinden vert for stri må lokal ekspertise bistå.
(Foto: Bernt Reed)

Innkomne saker

Det var ikkje kome inn framlegg til årsmøtesaker frå medlemmane innan fristen gjekk ut 23. januar. Styret legg fram ei sak om vedtektsendringar knytt til samordning med mørstervedtektene til NMF sentralt. Noverande vedtekter er vedlegg til årsmøtepapira. Endringane er notert med raud skrift, og gjeld:

Tillegg i punkt 2.6 Utviklingsarbeid:

Kulturskulen vert skreven inn i punktet. Framlegg til nytt punkt er:

«Utvikle og betre musikkfagleg og organisasjonsfagleg opplæring i samarbeid med skuleverket, **kulturskulen**, NMF og andre organisasjonar. Ta initiativ til nødvendig organisasjonsmessig utvikling, omstilling og samarbeid med andre korps og musikklivet elles.»

Tillegg i §3 Medlemskap

Tillegg i punkt 3.1 Opp tak av medlemmar:

Presisering av at det er styret som tek opp nye medlemmer. Framlegg til nytt punkt er:

«Aktive amatørmusikkar og ikkje utøvande personar kan takast opp som medlemar. **Dette skjer gjennom korpsstyret.**»

Tillegg i punkt 3.2 Organisering av korpset:

Presisering av medlemsskap i NMF. Framlegg til nytt punkt er:

«Korpset følgjer forbundet sine gjeldande aldersgrenser.

Utøvande medlemmar frå skulekorps kan takast opp som aspirant frå 1. august det året han/ho fyller 15 år. Medlems-plikter i aspiranttida skal oppfyllast i høve til skule-korpset.

Medlemmar kan takast opp frå 1. august det året dei fyller 16 år.

Nye medlemmer vert automatisk ført inn som medlem i NMF. Dette skal gjerast ved å bruke gjeldande NMF-skjema for medlemsskap, og vert lagt inn i NMF sin medlemsbase. Er det endringar i dei registrerte opplysingane pliktar kvar einskild medlem å orientere styret om dette snarast. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering.

Styremedlemer må vere medlem i NMF. Faste dirigentar og faste instruktørar skal registrerast i NMF sin database.

Tvistar i samband med dette vert avgjort av regionstyret.»

Utfylling og endring av punkt 3.4 Kontingent og rapportering:

Presisering av oppfølging mot NMF sentralt med tanke på medlemsregistrering og kontingent. Framlegg til nytt punkt er:

«Korpsåret (**følgjer kalenderåret**) med medlemsregistreringar, innrapportering til NMF og kontingentbetaling skal **sendast NMF på avtala skjema/medium til ei kvar tids gjeldande fristar. Det er ikkje høve til å reservere seg mot registrering. Korpset skal betale kontingent til NMF innan 1. februar etter tal registrerte medlemar pr. 31. desember.**»

Tillegg i punkt 3.6 Utmelding

Presisering av at utmelding skal rapporterast til NMF sentralt. Framlegg til nytt punkt er:

«Medlemmar som ynskjer å melde seg ut, må gje melding om dette til leiinga i korpset. **Ved utmelding skal det samstundes skje utmelding frå NMF.** Utmelding bør ikkje skje i løpet av korpsåret.»



Den eine heldt fram, den andre tok pensjon.



Ein glad tubaist vikarierer på slagverk.

Tillegg i punkt 4.3 Representasjon, rettar og voteringar, underpunkt b om røysterett

Presisering av at styret ikkje har røysterett ved handsaming av årsmelding og rekneskap.

Framlegg til nytt punkt er:

«b) Desse har røysterett:

Utøvande medlemmar som oppfyller sine medlemsplikter. **Styremedlemmer i alle saker, unnateke ved handsaming av årsmelding og rekneskap.**»

Tillegg i punkt 5.5 Personalansvar

Presisering av politiattest for tillitsvalde. Framlegg til nytt punkt er:

«Styret føretekk engasjement, tilsetjing, oppseiing og gjev avskjed og har fullmakt til å inngå løns- og arbeidsavtaler. **Styret er ansvarleg for å innhente politiattest for på dei som har tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller utviklingshemma. Styreleiar utøver dagleg personalansvar.**»

Nytt punkt 5.6 Beredskapsplan for korps

Innskriving av NMF sentralt sitt krav om at korpsstyret kjenner og bruker NMF sin beredskapsplan for korps. Framlegg til nytt punkt er:

«5.6 Beredskapsplan for korps

Styret pliktar å forholde seg til beredskapsplan for korps når korpset er på tur og deltek på arrangement.»

Endringar i punkt 8.2 Korpset sin midlar og aktiva

Redaksjonelle endringar i teksten med omsyn til nye namn og omgrep. Framlegg til nytt punkt er:

«I tilfelle oppløysing, skal korpset sine midlar plasserast i bank på sperra renteberande konto som vert disponert av NMF avdeling **Nordvest**, **kulturutvalet** eller **kulturskulen** i kommunen til nytt korps er oppretta, og som då overtak midlane. Korpset sine øvrige aktiva skal oppbevarast på forsvarleg måte og disponeras på same måte som nemnd i første setning. Denne bestemmelsen gjeld ikkje ved samanslåing av korps.»

Tillegg i punkt 8.4 Utmelding av NMF

Presisering av tidsfristar og formalia knytt til utmelding av NMF. Framlegg til nytt punkt er:

«Ved utmelding av forbund må det gjerast vedtak på to påfølgjande årsmøte med minst ein månads mellomrom. Gyldig vedtak krev minst 2/3 fleirtal. **Utmelding må skje innan 15.november for at den skal gjelde frå 1.januar neste år. Ved utmelding vert all rett til NMF sine verdiar,apt.**»

Framlegg til vedtak: Årsmøtet godtek endringane i Gloppen janitsjar sine vedtekter i tråd med framlegga i saksutgreiinga.



Om nytt framlegg til punkt 4.3 i vedtektena vert vedteke, har ikkje styret røysterett under sakene om årsmelding og rekneskap. Frå årsmøtet 2011.



Medan nokon gjer ein skikkeleg jobb...



Skal Gloppen janitsjar føle meir ansvar for tradisjoner og speling under flaggheisinga på Heradspllassen på Sandane enn 17. mai-komiteen i bygda? Det må vi kanskje ta stilling til i løpet av året som kjem.



I desember vart det tid til fotografering til marknadsføringsmateriell til 2012-satsinga: Skotårsgalla - den tredje i rekka. Her medan instrumenta framleis var i hendene på dei som kan spele dei.

Arbeidsplan

2012

Vår

Øvingshelg 13.-15. januar
Speling på Gloppen Hotell (taffelorkesteret) 21. januar
Skotårsgalla 3.mars
Skulekorpsbasar i Hyen
Påskebasar i Breim
Breimsstafett
17.mai
Vårkonsert

Haust

Øvingshelg
Samarbeidskonsert i lag med Breimskoret i oktober
Førjulstreff i Aulaen
Julekonsertar

2013

Vår

Skulekorpsbasar i Hyen
Påskebasar i Breim
Breimsstafett
17.mai
Sommarnatt ved fjorden

Haust

...



Første offisielle marsjoppdrag på året er ofte Breimstafetten. Det kjem ofte brått på, sjølv for medlemmane i musikkutvalet.

Repertoar 2011



*For mykje nissespelning
er (kanskje) skadeleg (for
augene)...*

- Ankan och hackspetten (Jerker Johansson)
- Colonel Bogey (Kenneth J. Alford, ed. Frederick Fennell)
- Den norske løve (Oscar Borg, instr. Bjørn Mellemberg)
- Der det er vann er det båter (Egil Monn-Iversen, arr. Lars Erik Gudim)
- El Capitan (John Philip Sousa)
- Erinnerung an Zirkus Renz (Gustav Peter, arr. E. Gruner)
- Fallskjermjägermars (Sven Samuelsson)
- Flåklypa Medley (Bent Fabricius-Bjerre, arr. Lars Erik Gudim)
- Fra Norske Musikkspill (Frode Thingnæs)
- Gammel jegermarsj (Øyvind Strand)
- General Cederschiøld (Per Grundstrøm, arr. Stig Gustafson)
- Holmenkollmarsjen (Allan Johanson, arr. Idar Torskangerpoll)
- In the Mood (Garland)
- Irish Tune from County Derry (Pearcy Aldridge Grainger)
- Juleklokker over jorda (Richard Nordraak, sats Egil Hovland, instr. Arne Søholt)
- Norge i rødt, hvitt og blått (Lars-Erik Larsson, arr. Rolf Letting)
- Nå vandrer frå hver en verdenskrok (Alf Fasmer Dahl, arr. Edward B. Nilsen)
- O Come, All Ye Faithful (arr. David Willcocks, instr. Arne Søholt)
- O Helga Natt/Cantique de Noel (Adolphe Adam)
- One-Trick Pony Overture (Paul Simon, arr. Bob Lowden)
- Shepherds Hey (Pearcy Aldridge Grainger)
- Silent Night (Franz Gruber, arr. Sammy Nestico)
- The Girl in Satin (Leroy Anderson)
- The Mad Major (Kenneth Alford)
- Tritsch-Tratsch Polka (Johann Strauss, arr. Alfred Reed)
- Valdresmarsj (Johannes Hanssen)
- Ved Nesland kyrkje (Henrik Lyssand, arr. Karl Ole Midtbø)



*Janitsjaren sitt husorkesteret - denne gongen som
nisseorkester - gjør ein formidabel jobb i forkant av
og på jule- og påskebasaren.*



*Alltid like viktig og hyggeleg hjelpe fra damene i
«Dameklubben», både til arbeid med vinstar, og når
vi har ulike arrangement.*